

# Informasjonsbrev om fiberutbygging i områda Løvik, Rørvik og Hestvik.

## **Endeleg kjem det fiber!**

Vestland fylkeskommune har løyva midlar til utbygging av fiber i områda Løvik, Rørvik og Hestvik. Utbygginga vil koste kr. 1.100.000. Det er løyva kr. 700.000 i NKOM -midlar frå Vestland fylkeskommune. Askvoll kommune bidrar med inntil kr. 250.000. I tillegg vert det omlag kr. 150.000 i brukarfinansiering frå husstandane. Brukarfinansieringa per husstand vert på **kr. 7 800**, slik som i dei øvrige områda i Førdefjorden.

Enivest AS vann anbodskonkuransen om breibandutbygging med fiber i ditt område. Oppstart av utbygginga vert seint i 1. kvartal 2024 med ferdigstilling innan utgangen av 2024, men vonleg tidlegare. Husstandane vil fortløpende verte kopla på det nye fibernettet i byggeperioden.

## **Utbyggingsprosessen**

Enivest vil gjennomføre ei salsrunde der kvar huseigar teiknar fiberabonnement. Det er viktig at alle som har skrive seg på lista, teiknar abonnement på fiber. Om ein trekkjer seg no, vil brukarfinansieringa per husstand auke for dei som framleis er med. Det er gratis etableringskostnad (installasjonskostnad) i salsperioden. Dersom ein teiknar fiberabonnement i ettertid er standard etableringskostnad kr. 4792 eks mva.

Enivest vil legge fiberkabel til tomtegrensa. Herifrå må kvar eigar grave grøft sjølv. **Sjå vedlagde «gravefolder» frå Enivest med informasjon om heile denne prosessen.**

## **Brukarfinansiering**

Brukarfinansieringa skal overførast til Førdefjorden vel. Etter innsamlinga vil Førdefjorden vel overføre den samla brukarfinansieringa til Askvoll kommune.

**Vi ber om at kr. 7 800 vert overført til Førdefjorden vel sin konto 3740.20.03902 innan 15.april 2024.  
Merk innbetalinga med «fiberutbygging». *Det vert ikke sendt ut eigen faktura.***

Meir om fiber og tilbod kan du lese på Enivest AS si nettstad [www.enivest.no](http://www.enivest.no).

Dersom de har spørsmål, kan de ta kontakt med Linda Kvalheim i Førdefjorden vel eller Askvoll kommune v/rådgjevar Helene Norstrand

Linda Kvalheim  
Leiar Førdefjorden Vel  
957 39 564  
[fordefjordenvel@gmail.com](mailto:fordefjordenvel@gmail.com)

Helene Norstrand  
Rådgjevar Askvoll kommune  
577 30 711.  
[Helene.norstrand@askvoll.kommune.no](mailto:Helene.norstrand@askvoll.kommune.no)